

---

Saksnr: 2019/11-59  
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		15.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

**Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen valperioden 2019-2023**

Forslag til innstilling

Fylkestinget vel André Oppheim som ny varamedlem til styret stiftinga Singerheimen for valperioden 2019-2023

Samandrag

Fylkestinget valde medlemer til styret i Stiftelsen William H Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde (Singerheimen) den 29.09.20. To av dei fem styremedlemene med varamedlemer vart valde etter forslag frå Stryn kommune. Ein av varamedlemene som er vald etter forslag frå kommunen ønskjer ikkje å ta på seg vervet. Kommunen har fremja forslag om André Oppheim som ny varamedlem.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget valde følgjande medlemmer til styret i Stiftelsen William H Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde (Singerheimen) den 29.09.20 (sak 122/2020).

Medlem: Per Kristian Storevik	
Varamedlem: Jon Olav Kvamme	
Medlem: Margunn Skarstein	Etter forslag frå Stryn kommune
Varamedlem: Ingeborg Lysne Mcevoy	
Medlem: Jarle Sandven	
Varamedlem: Jakob Andre Sandal	
Medlem: Jostein Fredheim	Etter forslag frå Stryn kommune
Varamedlem: Anne Margrethe Tønning	Etter forslag frå Stryn kommune
Medlem: Ingebjørg Erikstad	
Varamedlem: Ingfrid Dårflot	Etter gammalt forslag frå Stryn kommune

To av dei fem styremedlemene med varamedlemer vart valde etter forslag frå Stryn kommune. Ein av varamedlemene valde etter eit tidlegare forslag frå kommunen, Ingfrid Dårflot, ønskjer ikkje å halde fram som varamedlem. Kommunen har fremja forslag om André Oppheim som ny varamedlem til styret i stiftinga.

Til vitande er følgjande feil i fylkestinget sitt vedtak i sak 122/2020 oppdaga:

- Fylkestinget meinte å velje Jarle Sanden, ikkje Jarle Sandven.
- Ingeborg Lysne skal vere varamedlem for Ingebjørg Erikstad, ikkje for Margunn Skarstein.

I denne saka skal fylkestinget difor velje ny varamedlem for Margunn Skarstein.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vel eller føreslår medlemmer til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Om valet av ny varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen

Stryn kommune har høve til å føreslå to av dei fem styremedlemene når kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Kommunen kom i fjor haust med framlegg om følgjande personar til verva:

Medlem: Jostein Fredheim	
Varamedlem: Anne Margrete Tønning	
Medlem: Margunn Skarstein	
Varamedlem: Ragnhild Lunde	

Fylkestinget valde Ingfrid Dårflot, tidlegare vald styremedlem etter forslag frå kommunen, som varamedlem for Ingebjørg Erikstad, og ikkje for Margunn Skarstein. Fylkestinget såg vekk frå Ragnhild Lunde.

I brev til fylkeskommunen 15.10.20 informerer Stryn kommune om at Ragnhild Lunde uansett ikkje lenger er aktuell for vervet. Ingfrid Dårflot har også vore i kontakt med fylkeskommunen og har opplyst at ho ikkje ønskjer vervet som varamedlem.

Stryn kommunestyre fremjar, jf. vedtak i kommunestyresak KS05/20, forslag om André Oppheim (Olden) som ny varamedlem. Ved val av Oppheim som ny varamedlem i stiftinga, vil kvart kjønn framleis vere representert med meir enn 40 %.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant  
Klima: Ikkje relevant  
Folkehelse: Ikkje relevant  
Regional planstrategi: Ikkje direkte relevant

